

Saksutredning:

ET DIGITALT VESTLAND

Trykte vedlegg:


Utrykte vedlegg:

Saksframstilling

I det moderne samfunnet er breiband infrastruktur på linje med veg, vatn og kloakk. Dette gjeld både bedrifter og hushald, og er altså avgjerande for etableringar av verksemd og bulyst. Privattrafikken på internett aukar med 30-35 % per år.

Vestlandet har utfordringar på det digitale området. Denne saken tek for seg utfordringar og tiltak som Vestlandsrådet kan stille seg bak. Ca 98 % av landets befolkning har i dag tilbod om første generasjon breiband (0,64 Mbit/s). Med auka tenester på, og bruksmoglegheiter av nettet har behovet for høgare hastigheit og auka. I dag bygger vi ut annen generasjon breiband. Definisjonen på annen generasjon breiband er ikkje heilt klar. I denne saken vert det nytta ein mykje anvendt definisjon som det er brei einigheit om; nedlastingshastigheit på > 25 Mbit/s og opplastingshastigheit på 1-10 Mbit/s.

Til dømes har Sogn og Fjordane fylkeskommune i sin breibandstrategi mål om å gje alle bedrifter og innbyggjarar i fylket tilbod om annen generasjon breiband innan 2020. Strategien er teknologinøytral og definerer annen generasjon breiband som 100 Mbit/s begge vegar til næringslivet og offentleg sektor, og 30/10 Mbit/s til hushald. Til samanlikning har EU i sin Digital Agenda mål om at alle innbyggjarar skal ha tilgang til 30 Mbit/s, og at minst 50 % av Europeiske hushald har tilbod om 100 Mbit/s innan 2020. Strategien i Sogn og Fjordane er i så måte ikkje spesielt ambisiøs på hastigheit. Det er der i mot er tidsperspektivet om å nå dette målet innan 2020. Statestikk utarbeida av Nexia for Kommunal og Regionaldepartementet viser følgjande oversikt for landet for øvrig på breibanddekning:



Figur 5: Fylkesvis dekning for ulike kapasitetsklasser.

Rogaland skiller seg ut fra de andre vestlandsfylkene med tilbud om annen generasjon bredband til over 80 % av befolkningen og spesielt god dekning av fiber med 100/100 Mbit/s. Til sammenlikning har Hordaland tilbud om annen generasjon bredband til 70 % av befolkningen, Sogn og Fjordane til 28 % og Møre og Romsdal til litt over 50 %. Felles er de store utfordringene med å gi tilbud til resten av befolkningen i fylkene.

Utfordringer og tiltak

- Nasjonale styringsmakter har lite tydelige eller låge mål om bredbandkapasitet til innbyggjarane i Noreg

«Regjeringen har som ambisjon at alle husstander (100 pst) skal ha tilgang til et bredbåndstilbud av grunnleggende god kvalitet» (Digital Agenda for Norge, Meld. St. 23 (2012-2013)). Denne ambisjonen skal nås blant annet gjennom at regjeringen tildeler frekvensressursar frå det gamle tv-nettet, den så-kalle digitale dividenden. Auksjonskriteria for denne frekvensressursen (mobilt bredband) er klar og det vert stilt krav om dekning av 98 % av befolkningen innan fem år, med gjennomsnittlig overføringshastighet på minimum 2 Mbit/s. Denne målsettinga om 2 Mbit/s er meningslaus med dagens utvikling på bruk av nettet. Målet bør være tydeleg og være samanliknbart med EU sitt.

- Det er langt mellom basestasjonar (sendare)

I vestlandsfylka med spreidd busetting har vi ein utfordring med at det er for lang avstand mellom basestasjonane til å få tilfredstillande høg breibandhastigheit. Stor avstand vil i praksis gje ein dårleg hastighet på nettet på mange stader fordi ein sendar har avgrensingar på overføring over distansar, og det er mange geografiske hindre i vegen. 4G mobilnett vert no bygd ut. Dette nettet har kapasitet til å gje svært god breibanddekning, men ser ikkje ut som om det er kommersielt interessant å bygge ut 4G i distrikta med det aller første. Dette løyser ikkje behova i distrikta.

- Få standardar innan breibandutbygging

Utbyggjare må i dag forhalde seg til inntil 428 kommunale standardar for framføring av breiband. Dette har stor betydning for prosjekterings- og framføringsarbeidet. Undersøkingar syner at framføring står for ca. 80 % av kostnadene i breibandprosjekt. Det bør være nasjonale standardar for framføring av breiband som er med på å redusere framføringskostnaden. Dette arbeidet er oppført som eit tiltak i Stortingsmelding 23 (2012-2013), og bør prioriterast raskt.

- Kostbar utbygging og relativt få brukara

Kostnaden ved breibandutbygging til heile befolkninga er relativt høg i vestlandsfylka. Med spreidd busetting, fjord og fjell er det både kommersielle utfordringar og geografiske utfordringar. Ein strategi må være teknologinøytral, det er ikkje samfunnsøkonomisk nytte å bygge ut fiber til alle. Det er stort behov for offentleg finansiering av utbygging i ikkje-kommersielle områder. Leverandørar og utbyggjare i bransjen har ikkje kommersielt grunnlag for å bygge ut til alle områder på Vestlandet. Regjeringa har løyvd eit minimum av 150 mill. kr til områder som ikkje har breibandtilbod inntil målet om at 100 % av Noregs befolkning skal ha tilgang til breiband av grunnleggande god kvalitet er nådd. Dette er eit viktig tiltak for å kunne gje alle tilbod om breiband.

Det vert her skissert utfordringar og tiltak knytt til realisering av eit digitalt vestland. Fokus er i saka på infrastruktur som igjen gir grunnlaget for vidare utvikling av bruk og tenester på nett. Det er viktig at Vestlandsrådet og fylkeskommunane utøver politisk trykk ovanfor nasjonale styresmakter for å gje Vestlandet ein god digital infrastruktur i tråd med dei foreslåtte vedtaka.

Lenke til melding:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-23-20122013.html?id=718084>, Stortingsmelding 23 (2012-2013)

Forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet har som mål at alle innbyggjarar og bedrifter i dei fire vestlandsfylka skal ha tilbod om minimum 30 Mbit/s breibanddekning (nedlasting). Teknologien bør vere nøytral og skal gi tredjepart tilgang.
2. Vestlandsrådet ber regjeringa gjere dei naudsynte prioriteringane for at dette målet kan bli nådd for å skape ein tilfredsstillande arena på Vestlandet for å utnytte næringspotensialet og skape ei god folketalsutvikling.
3. Vestlandsrådet meiner at staten bør ta eit større ansvar for fiberutbygging og spreiring av fibernettet

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.